

# VEDLEGG A

## KRAVSPESIFIKASJON

## 1. GENERELT

Oppdragsgjevar ønskjer ein rammeavtale for kvalitetssikring av kostnadsanslag for vegprosjekt, samt utarbeiding av spesifikke kostnadsoverslag for vegprosjekt.

Kravspesifikasjonen skildrar arbeidet for bompengepakken «Kvammapakken». Framtidige avrop på rammeavtalen er venta å vera tilsvarande oppdrag.

## 2. KVAMMAPAKKEN

### 2.1 Bakgrunn

Hordaland fylkeskommune er vegeigar til alle prosjekta som ligg inne i bompengepakken Kvammapakken. Då Kvammapakken (St.prp. nr. 77 (2008-2009) vart vedteken i Stortinget i 2009, var berre eitt av prosjekta (Børvenestunnelen) planavklart. Kostnadsanslaga for dei åtte andre prosjekta var usikre. Prosjekta var ikkje prioritert i søknaden, og dermed blir prioriteringa i den rekkefølge som prosjekta vert bygd.

Pr 2015 er det klart at det ikkje er tilstrekkelege inntekter i pakken til å gjennomføra alle prosjekta, sjølv om det ikkje ligg føre oppdaterte kostnadsanslag for dei attståande prosjekta.

På bakgrunn av dette vil Hordaland fylkeskommune få utført ein gjennomgang av den økonomiske situasjonen i Kvammapakken, med hovudfokus på kvalitetssikring av overslaga for dei resterande prosjekta i pakken. Statens vegvesen arbeider no (juni 2015) med å oppdatera kostnadsanslaga for desse prosjekta. Vegvesenet vil mellom anna foreta geologiske undersøkingar, og skal ha klar nye kostnadsoverslag i løpet av august 2015 (med unntak av gang-sykkelveg Kvamskogen, sjå under).

HFK ønskjer ei grundig kvalitetssikring av desse nye investeringsoverslaga, inkludert ei uvisseanalyse. Desse må sjåast i samheng med medgåtte kostnader, slik at oppdragsgjever har eit best mogeleg grunnlag for totale kostnader i bompengeprojektet.

I tillegg ønskjer HFK eit kostnadsoverslag med uvisseanalyse for eit mogeleg prosjekt utanom Kvammapakken (Håfjellstunell).

Sluttproduktet skal vere ein skriftleg rapport og ein presentasjon for oppdragsgjevaren. Både rapport og presentasjon skal vera på norsk.

Oppstartsmøte og presentasjon av rapporten skal haldast i Bergen. Andre møte kan gjennomførast som telefon- eller videokonferansar.

### 2.2 Status resterande prosjekt i Kvammapakken:

*2.1.1 Nedanfor er (del-)prosjekta som ikkje er påbegynt, og grunna usikre kostnader blir prioritering ikkje føretatt før ein har sikrere kostnadsoverslag.*

#### **Fv 7 Nes – Norheimsund (pr juni 2015 – delstrekning – inngått ny avtale)**

- **Skipadalen – Tolo:** Kontrakt på 26 mill kr eksk.mva. og ekskl. byggherrekostnader er inngått pr juni 2015. Av dette skal Kvam herad dekkja VA-delen.

- Resten av strekninga, **Tolo – Norheimsund**, er planavklart, men mykje grunnnervv står att. Vil ikkje bli utlyst med det første.

#### **Fv 7 Kvamskogen gang-/sykkelveg (under prosjektering pr juni 2015)**

Grove anslag for strekninga NAF-kiosken til Ungdomsheimen er 40-50 mill. kr. Utgangspunktet var 10 mill kr. Konsulentselskapet Constrada AS skal foreta grunnmålingar og mengdeberekningar, som blir ferdig september 2015. I tillegg skal selskapet sjå på ulike tekniske løysningar til bygging av gs-vegen. Tiltaket krevjande då det er myr og elv parallelt med delar av veggen.

#### **Fv 7 Øystese aust – Skarpasvingen (ikkje starta opp pr juni 2015)**

- Total strekning er på 2,1 km og grovt kostnadsoverslag i 2014 viste 160 mill kr.
- Til eit mindre tiltak (fram til Laupsa) knytt til nytt bustadområde langs fjorden, har ein fått tilbod på 17-20 mill kr. Ein reknar med inntekter frå utbyggjarar av bustader, slik at netto blir rundt 10 mill kr. Reguleringsplan for denne strekninga er godkjent. Ikkje starta opp pr juni 2015.
- Deler av strekninga (Skarpasvingen/Griserumpa) er tatt ut av planen, då strekninga kan erstattast med Håfjellstunellen (sjå under).

#### **Fv 7 Bosstippen, Indre – Ytre Ålvik (utarbeiding anbod er starta opp pr mai 2015)**

Reguleringsplan er godkjent, men denne må reviderast. Dette er eit komplisert prosjekt, og det må gjerast nye geologiske undersøkingar. Statens Vegvesen arbeider med ei enklare løysing der ein i staden for innsida, går på utsida av eksisterande veg. Dersom denne løysinga er gjennomførbar, kan kostanden bli 10-15 mill kr. Statens Vegvesen kan ha klart konkurransegrunnlag til sommaren 2015.

#### **Fv 7 Steinstøberget / Skeianeset**

Dette er eit svært krevjande prosjekt grunna rasfare og vanskelege fjellforhold. Løysinga er risikofylt då sprengingsarbeid kan medføra at veggen kan rasa ut, og bli langt dyrare enn opprinneleg kostnadsoverslag på 12 mill kr. På sikt kan strekninga bli prioritert som eit rassikringstiltak.

Statens Vegvesen vil laga ein risikoanalyse og kostnadsoverslag, men vil sannsynlegvis rå til at tiltaket ikkje blir gjennomført no. Statens Vegvesen melder tilbake om dette.

*2.1.2 I tillegg vil det komma restkostnader på nesten ferdige prosjekt, sjå under. Oppdragsgivar ønskjer også ei kvalitetssikring av desse kostnadane:*

#### **Fv 7 Kjærlandskrysset, Granvin**

Det er planlagt å utbetra krysset med steinmassar frå Jobergtunellen.

#### **Fv 49 Lingaparsellen (inngått kontrakt for andre del pr juni 2015)**

Første del er ferdigstilt. For andre del er inngått kontrakt pr juni 2015 på 12 mill kr ekskl. mva og ekskl. byggherrekostnader. Samla kostnad for parsellen er rekna til 36 mill kr. inklusive mva.

**Fv 49 Vikøy – Norheimsund:** Det står att nokre tiltak på Vikøy. Sv lagar kostnadsoverslag.

### **2.3 Kostnadsoverslag for eventuelt ny tunell (Håfjellstunellen)**

Oppdragsgjever ønskjer eit kostnadsoverslag av ny tunell mellom Øystese aust og Fykkesund (Håfjellstunellen). Dette tiltaket ligg ikkje inne i eksisterande bompengepakke (Kvammapakken), men kan erstatta noko av prosjektet Øystese aust – Skarpasvingen.

Kvam herad er i gang med reguleringsplan for prosjektet. HFK ønskjer eit kostnadsoverslag med uvisseanalyse, og evt innsparing i prosjektet «Øystese aust – Skarpasvingen» ved realisering av tunellen i ein eventuell revidert Kvammapakke.

## **3. RAMMEAVTALEN**

Oppdragsgjevar reknar med at det framover kjem tilsvarande kvalitetssikringsoppdrag av større vegprosjekt/bompengepakkar. Tilsvarande metodikk skal nyttast for øvrige avrop på rammeavtalen som løysingsforslaget for Kvammapakken.

## **4. GJENKNOMFØRING- OG LEVERINGSTIDSPUNKT**

Tidsplan for Kvammapakken:

Statens Vegvesen skal ha klar anslaga i løpet av august, med unntak av gang- og sykkelveg Kvamskogen, som blir ferdig i september.

Oppstart av arbeidet er føresett til september 2015, og bør vera ferdigstilt innan 6 veker.